



Vestland Bjøllelag SA  
Sævråsvegen 118  
5955 Lindås

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 23/229 - 23/2517

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
15.09.2023

## Innvilga støtte frå næringsfondet til basestasjon Otterstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 004/2023**

### **Saksutgreiing:**

Vestland Bjøllelag SA i samarbeid med Otterstad beitelag søker om 37 500 kr i tilskot til 1 stk basestasjon mot Otterstad beitelag. Kostnaden er på kr 72 500, der 27 000 er innkjøp av basestasjon og helikoptertransport og 45 000 er arbeidskostnader til montering m.m . Formålet er å betra dekning for mobilsignal i beiteområdet som kan gjera det mogleg å nytta seg av elektronisk sporingsutstyr (radiobjølle).

Prosjektet vil òg teste ut eit system kalla for Ranger Tracker. Dette er ei eining som folk kan bera med seg i sekken og som er meint som ei støtte løysing når ein er på tilsyn og sinking. Eininga gjev oppdatert posisjon på enkelt individ, ein sende sms meldingar til sanke hytta, og om ein er i nødkan ein sende smsmed GPS posisjon til 113. Prosjektet vil kjøpe inn 5 slike einingartil neste årfor utprøvingi samarbeid med Telespor.

Erfaringane så langt er at beitebrukarane ser enormt gode resultat takka vera dette systemet.

Vestland Bjøllelag SA er eit samvirke som organiserer, administrerer og drifter systemet med radiobjøller og basestasjoner. Dei bønder som ynskjer det kan verta medlem og bruka eigne radiobjøller eller leiga radiobjøller frå samvirket.

### **Bakgrunn**

Søre Steinsland beitelag fekk i 2022 på vegne av fleire beitelag tildelt kr 130 000 i støtte til eit felles prosjektfor beitelag i kommunane Modalen, Vik og Vaksdal. Målet med prosjektet var å utbetre signaldekning og sikre elektronisk overvaking av beitedyr i Stølsheimen fjellområdet. Med dette reduserer ein tap av dyr og får betre oversikt over bevegelses mønster til dyra. Det vart plasserast ut 12 signalforsterkarar for smal-band system, jamt fordelt i området og kjøpt inn kring 1000 radiobjøller.

### **Vurdering**

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som byggjer på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd. Kommunestyret vedtok i møte den 7.april.2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen i ein 5 års periode. Denne har seinare vorte forlenga. Føremålet med ordninga er å leggja til rette for å styrkja landbruksdrifta i Modalen.,

Modalen har tidlegare gitt tilskot til prosjektet, og næringsfondsstyret løyvde kr 130 000, som utgjorde 4,3 % av finansieringa. Det var eit samarbeidsprosjekt på tvers av kommunar, og i tillegg til kommunane har stat og fylkeskommunen bidrige med tilskot.

Eit av måla i den nasjonale landbrukspolitikken er betre nytting av beiteareal i inn- og utmark. Beiting i utmark gjer at ein kan ha eit større dyretal og at det kan produsera mat av høg kvalitet på ressursar som berre beitedyr kan nytta.

Resultatet ein kan oppnå med dette prosjektet er å redusere tap av dyr på beite og skaffe meir informasjon om bevegelses mønster av dyra i fjellet. Ein oppnår òg enklare sinking av dyra om hausten. Dette kan bidra til å redusera tidsbruken til enkelte bonde på sinking og tilsyn og dermed bidra til betre lønnsemd. Det norske samfunnet er oppteken av god dyrevelferd, og prosjektet kan bidra til at det vert mindre tap av dyr på fjellbeite. Bonden vil få varsel på telefon dersom dyret vert liggande for lenge i ro t.d. p.g.a. sjukdom eller skårfeste. Dette vil vera positivt for gardbrukaren, fordi mange kjenner det som ein stor belastning når dyr vert vekke i fjellet og brukar mykje tid på å leita. Mindre tap vil og gje betre lønnsemd.

Utviding av prosjektet gjeldt Otterstad beitelag som dekkjer eit viktig beite og turområde i Modalen, og det vil vera av stor verdi for kommunen at det er nok beitedyr til å hindra ytterlegare attgroing. Det er eit krevjande område å driva sinking i fordi det er bratt og kupert, soleis vil denne basestasjonen gjea sinking og tilsyn lettare for medlemmane i beitelaget. Beiting er eit viktig skjøtseltiltak og utviding av prosjektet vil bidra til å oppretthalda den aktiviteten som er i dag, og kanskje også bidra til rekruttering til beitelaga. Både innbyggjarane i Modalen og tilreisande som nyttar området som turområde vil ha glede av at området vert beita. Eit godt skjøtta landskap kan gje Modalen meir attraktiv som reiselivsdestinasjon

Modalen kommune vil støtta prosjektet med kr 10 000 frå næringfondet.

## Vedtak

Modalen kommune løyver kr: 10 000 i tilskot frå næringsfondet til Vestland Bjøllelag til utviding av prosjekt Smalband dekning for sporing av beitedyr/basestasjon i Otterstad beitelag.

Tilskotet må nyttast i tråd med søknad.

Vilkår for utbetaling:

1. Fellesprosjektet vert fullt finansiert og kjem i gang.
2. Tilskot vert utbetalta på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
3. Før utbetaling skal mottakar ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapen skal vere attestert av rekneskapsførar.
4. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trøng for forlenging kan dette søkjast om innan utlaup av fristen.
4. Tilskot kan krevjast attende betalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnssdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller

bruksendring i dette tidsrommet.

Med helsing

Tonje Husum Aarland  
Assisterende rådmann

Laila Bjørge  
landbruksjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Vestland Bjøllelag Sa

Sævråsvegen 118 5955

Lindås